



REFERAT frå Kviteeid Sokneråd

Torsdag, 24.08.2023, kl. 18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla: Marit Gotuholt (leiari), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Eva Lisbeth Lier (4. vara) og Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall: (i tillegg til dei som har fått permisjon ut perioden) Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar), Eva Lisbeth Lier (4. vara)

Ord for dagen: Takk til Møyfrid Lunde

Bevertning: Takk til Dagfinn Køhn

Oversikt over saker:

SR-sak 43.23	Innkalling og saksliste
SR-sak 44.23	Post og meldingar
SR-sak 45.23	Forslag Driftsbudsjett 2024 og Økonomiplan 2025-28
SR-sak 46.23	Investeringsbudsjett 2024 og Investeringsplan 2025-28
SR-sak 47.23	Kyrkjevalet 2023
SR-sak 48.23	Trusopplæringsplanen
SR-sak 49.23	Eventuelt: Nabovarsel

SR-sak 43.23	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post torsdag 17. august 2023 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteeid sokneråd (samt revisor og prost).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
Det kom inn ei eventuelt-sak		
VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

SR-sak 44.23 FR	Post og meldingar	MG / KS
1.	Arrangement sidan sist SR:	
a.	28. juni Sommaravslutning på Bygdetunet. Få personar mot normalt.	
b.	Kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje 6., 13.og 20. juli	
c.	1. juli, Kviteseid gamle kyrkje: Open kyrkje frå kl. 12.00-16.00 i samband med Vikingdagen på Bygdetunet. Godt besøkt.	
d.	1. juli, Kviteseid gamle kyrkje: Konsert ved Hallvard Jørgensen kl. 16.00. 112 møtte opp.	
e.	16. juli kl. 19.00: Open kyrkje i Kviteseid i samband med dødsbrann same dag. Prostidiakonen hadde ansvar for samlinga, mange møtte opp. Dette var rett etter messa som starta kl. 18.00.	
f.	29. juli Olsokmesse i Kviteseid gamle kyrkje kl. 18.00. Vandring langs den gamle kyrkjevegen frå Vrådal til gamlekyrkja frå 15.30.	
g.	Friluftsgudsteneste på Huvestad (Morgedal) sundag 30. juli	
2.	Planlagde arrangement:	
a.	24. aug. Babysong startar opp	
b.	25. aug. Fredagsklubben startar opp	
c.	Speidaren startar opp 28. aug. for hausten	
d.	29. aug. Felles bøn på Misjonshuset (om lag kvar siste tysdag i månaden)	
e.	31. aug. Frist for påmelding til konfirmantåret 2023-24	
f.	7. sept. Diakoni- og besøksteneste-samling med prostidiakon Eilev Erikstein	
g.	19. sept. Familietreff i Vrådal?	
h.	21. sept. Sorggruppe	
i.	24. sept. Felles songmøte/konsert i Kviteseid kyrkje kl. 18.00: Hilde Svela og Fredheimkoret	
j.	Føremiddagstreff på Misjonshuset 27. sept., 25. okt., og 22. nov.	
k.	Andaktar på KOS og Midtsundtoppen med Møyfrid og Olav: 16. aug, og vidare kvar månad.	
l.	Demenskoret hadde 5 samlingar før sommaren, med 3-5 deltagarar + hjelparar. Positiv erfaring. Fortsett med øvingar i Seljord annankvar veke, med oppstart 6. eller 20. sept.	
m.	Konsert med Olav Mosdøl, utsett frå tidlegare på sommaren. Ny dato ikkje klar.	
3.	Tilbygg ved bårehuset i Kviteseid: Arbeidet går sin gang, men roleg 2. halvdel av juli grunna ferie.	
a.	Kan vi kalle rommet for <i>Kyrkjestoga i Kviteseid</i> eller <i>Kyrkjestøgo..?</i> Kva blir rett eller ynskjeleg? SR går for KYRKJESTØGO	
b.	Tilbod frå Dyrud på nedfelte /integrerte store solcellepanel (som på nye Lundenjordet og no i sommar på Midtsundtoppen) er akseptert. SR har vedteke 200.000 til dette, overført frå disposisjonsfondet til investering 2023. Siste tilbod er på kr. 192.000 netto. Grå skifer på resten av taket blir lagt på seinare i haust.	
c.	Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid var på synfaring 27. juli saman med Møyfrid og Kristen. Kristen gav ei generell orientering, og vi snakka om <ul style="list-style-type: none"> i. kjøkenbenk med vask, oppvaskmaskin og komfyr/omn og laust kjøleskåp. ii. Golvbelegg: Ynskje om golvbelegg. Vi kjøper og Sigurdslid sr. legg det. iii. Varmepumpe er bestilt og plass til TV-skjerm er sett av. Skåp til lagring av materiell. 	

- iv. Kyrkjeverja har spurt Misjonshuset om å få eller låna inntil 30 stolar og 6 samanleggbar bord av det dei fekk frå Vrådal bedehus og ikkje brukar
- d. Budsjettmessig ser det ut til at vi har det vi omtrent treng innanfor ramma til investeringsprosjekta, men får då ikkje noko til blyglas dette året. Kyrkjeverja har sokt om restmidlar frå diakoni i bispedømet. Enkeltgåve på kr 20.000 er motteken, og andre har signalisert at dei vil gje. Vi skriv om behovet i neste kyrkjeblad.
4. **Investeringsbudsjettet 2023:** Med det vi har til rådighet til investering, vert det truleg ikkje midlar til fleire blyglas i Kviteseid kyrkje dette året. Kjem det mykje gåver til tilbygget, kan det bli rom for eit blyglasvindauge.
 5. **Vedr. eigedomsoverføring av Kviteseid Gamle kyrkje til Kviteseid sokn.** Vi har enda ikkje motteke noko endeleg frå bispedømekontoret, men mottok i slutten av juni, kyrkjerådet si vurdering av saka.
 6. **Arbeidet med minnelund i Kviteseid:** Søknad til Statsforvaltaren er send. Kyrkjegardsarbeidarane og kyrkjeverja var 10. juli på inspirasjonstur til Notodden gravlund, og var samstundes innom på Telemark Skifer og Naturstein på Lifjell og fann fin stein til minnesmerke, og skifer til å gå på. SR fekk sjå bilete av tenkt stein.
 7. **Gamle gravsteinar:** Kyrkjeverja orienterte om haugar av gamle gravsteinar som ligg i eit grustak og ved kyrkjegardane. Han viste og eit fint bilet av gjenbruk av brukte steinar på Notodden gravlund, noko vi kan få til ein liten kopi av her i Kviteseid, som ‘permanent’ lagring.
 8. **Avtale med Bufetat om å vere ambassadør for fosterheimar:** Kontakt er oppretta, men då dei gjekk ut på ferie, er saka sett på vent.
 9. **Besök av kyrkjeminister Kjersti Toppe.** Toppe er *Borne- og familieminister*, men og *Trusminister* eller *Kyrkjeminister*. Ho var på tur i Vest-Telemark og vitja andre instansar i Seljord og Kviteseid onsdag 9. august. Ho hadde sett av 1 time til oss, og ville i hovudsak sjå gamlekirkja og høyre om vedlikehaldsarbeid som var gjort på den dei siste åra. Vi fekk og med ein stopp ved Kviteseid kyrkje før vi før vidare til Kviteseid gamle kyrkje. Til stades frå kyrkja var soknerådsleiar, sokneprest og kyrkjeverja. Vi var nøgde med besøket.
 10. **Gamle salmebøker.** Kyrkjeverja orienterte. Vi legg ut ei sak om dette på Facebook slik at folk som ser det og ynskjer, kan få ei salmebok.
 11. **Vest-Telemark gravferdsbyrå** ynskjer å bruke plastkrakkar i staden for katafalk til å setje kiste på i kyrkjene. Vi slepp då å ta inn og ut krakkar, plankar og teppe. Byrået lagrar plast-krakkane. Vi tek vare på ein katafalk i tilfelle andre byrå kjem og ikkje har plast-krakkar.
 12. Sommarhjelp: Vi har hatt to ungdomar og ein ukrainar som sommarhjelp i år. Ukrainianaren held fram med språkpraksis saman med kyrkjeternarane kvar torsdag ut oktober.
 13. Sak om Nabovarsel er overført til eventuelt.

Saka vart handsama på AU 8.8.23.

Forslag DRIFTEBUDSJETT 2024 (for tida ikkje i balanse mellom inntekt og kostnad), er laga på dette grunnlaget:

- **Faktisk løn** på faste stillingar for 2023 + 2,5 % for heile året grunna hovudlønsoppgjer i 2024. Alle i KA-systemet fekk ca. 4,0 % auke i løn frå 1.5.23 som blei ein reallønsnedgang. SSB forventar reallønsvekst i 2024 på 2,5 %, d.v.s at løna må bli 2,5 % høgare enn prisveksten. Kanskje dette er for lågt budsjett. Kvar % i tillegg til dei 2,5 % fører til 12.000 kr i auke på fast løn utanom kyrkjeverja si. Den sist nemnde blir forhandla om lokalt, så den har SR kontroll på.
- **Løns- og personalkostnader** elles er ført opp med ein auke på 4,5 %
- **KLP** meiner at auken i premien neste år ikkje blir like stor som i år, og tilrår å budsjettere med same beløp som i 2023. Men før og i 2023 justerte dei prognosen heile 3 gonger og enda på 7,8 % auke frå året før. Utfordringa for oss er at vi i 2022 måtte bruke betydelege mengder av premiefondet. Det har vi og gjort dei 2 fyrtalene i 2023. Nå er fondet på 155.887 kr. Det kan vera lurt å spara til dårlegare tider, men fondet må kanskje brukast av i 2024 for å redusere kostnadene for å få budsjettet i balanse. (sjå siste kulepunkt)
- **Kommunalt tilskot** er lagt inn med 7,0 % som tilsvara ein auke på kr 260.000 til kr 3.987.000. Dette er for å kompensere for høge lønskostnader, framleis høg premie til KLP, og ekstra låg forventa inntekt på festeavgift i 2023. (sjå neste pkt.)
- **Festeavgifta** er forventa ekstra låg i 2024 (Budsj. og rekneskap 2023: kr 368.000, prognos 2024: kr 263.000, pr.25: kr 328.000 og pr.26: kr 498.000. I desse tala ligg ein forventa årleg auke på 6 % i talet på gravlagde.)
- **Driftskostnader** elles er budsjettet med en auke på 4,0 % unntatt på straum, der det er ført opp kr 50.000 mindre enn inneverande år grunna fast pris og mindre forbruk særleg i Kviteseid. (nye omnar og solpanel)
- Nokre postar (i framlegget farga med rosa) er justert opp eller ned etter behov og tidlegare års rekneskap, men generelt er dei redusert så mykje som mogleg for framleis å kunne ha eit forsvarleg budsjett.
- **Likevel manglar det kr 55.000 for å gå i balanse.** Det må dekkast inn med auka inntekter, reduserte utgifter, frå pensjonsfondet eller frå disposisjonsfondet. På disposisjonsfondet starta vi året med kr 442.000, men har brukt av det til både bil og solpanel, og tilført mindreforbruket frå 2022.

Forslag ØKONOMIPLAN 2025-28: Alle postar aukast med 3 % kvart år i høve til driftsbudsjett for 2024.

Forslag til vedtak i AU: Få budsjettet i balanse

Vedlegg: Forslag Driftsbudsjett 2024

AU fekk orientering om oppsettet og gjekk gjennom forslaget til Driftsbudsjett for 2024. For å få endane til å møtast, må kostnadane reduserast eller inntektene aukast.

Her er nokre forslag frå AU:

1. Spørje faste gjevarar om å auke beløpa sine. Vi har i dag 18 faste gjevarar som årleg gjev til saman 74.400 kr. Det er allereie budsjettet med kr 80.000. Til dømes 10 % auke no for dei siste åra, vil auke gåvene med kr 7.440 til 81.840

2. Kampanje for å få nye gjevarar. Dette har gjevarkomiteen allereie snakka om, men ikkje sett i verk. Kan vi få 50 personar som gjev 100 kr kvar månad, vil det årleg gje 60.000 kr. 200 kr vil gje det dobbelte. 100 personar med 200 kr kvar, vil gje 240.000 kr. Potensialet er stort. Korleis kan vi gå fram? Har vi nokon gode ambassadørar som vil prøve å verve?
3. SR kan velje å ta fleire av ofringane gjennom året til eige arbeid. I 2023 står det kr 85.000 til eiga verksemد, og kr 150.000 til andre. I tillegg har vi inntekter frå kyrkjebladet og kyrkjelydsbasaren. Totalt til lokalt arbeid har vi kr 235.000 på årets budsjett.
4. Vi kan redusere talet på kyrkjeblad frå 4 til 3 kvart år. Det vil redusere kostnaden til oppsett, trykking og utsending frå 80 til 60.000 kr, men det vil også gje oss ein giro mindre å få inntekt på. Berre trykking kostar ca. 10.000 kr/nr.
5. Kan vi finne ein som vil sette opp bladet på dugnad, eller mot eit mindre honorar? Det kostar oss nå kr 5000 for kvart nummer.
6. Skal vi starte med reklame og annonsar i bladet? Det krev arbeidstid, men kan og gjerast på dugnad, som mykje av skriving gjer i dag.
7. Ta det vi treng frå Premiefondet i KLP. Sjå kulepunkt lenger opp i saka. Viss SR vel å få balanse i budsjettet på denne måten, bruker vi kr 34.000 av resterande 156.000 for eit kvartal Reguleringspremie. Det svarar til ca. 10 % av årleg reguleringspremie.

Kommunen har pr. 14.8. ikkje nokon tal å vise til som dei brukar i si budsjettering. Fleire av forslaga frå AU krev innsats og er ikkje sikre, men bør fylgjast opp! Kyrkjeverja har arbeidd litt meir med budsjettforslaget og mangla framleis kr 34.000. Difor har han i denne omgang valt å bruka siste pkt. over her for å få balanse i driftsbudsjettet for 2024.

Forslag til VEDTAK i SR:

For å få balanse i forslaget til Driftsbudsjett for 2024, vel soknerådet (SR) å betale 10 % av reguleringspremien for 2023 frå Premiefondet.

Vidare ynskjer SR å gjere ein innsats for å auke faste gåver til eige arbeid.

SR ynskjer ikkje å redusere talet på utgjevingar av kyrkjebladet, og overlèt til nytt råd å avgjere om det ynskjer reklame i bladet.

ØKONOMIPLAN for dei påfølgande åra blir sett opp med ein auke på 2% på alle postar 2024-budsjettet.

VEDTAK i SR:

Soknerådet (SR) vedtek det framlagde budsjettforslaget med samla inntekter og kostnadar på kr 5.260.000. Det er ei auke 117.355 kr frå revidert budsjett for 2023. Tilskotet frå kommunen er auka med kr 260.900 til kr 3.987.100.

For å gå i balanse bruker rådet 10 % av reguleringspremien i KLP for 2023 frå Premiefondet.

Vidare ynskjer SR å

- gjere ein innsats for å auke faste gåver til eige arbeid.
- Auke talet på ofringar til eige arbeid frå dagens 14 til 20 pr. år.

SR overlèt til nytt råd å avgjere kor mange nr vi skal ha av Kyrkjebladet i året, og om det ynskjer reklame i bladet.

ØKONOMIPLAN for dei påfølgande åra blir sett opp med ein auke på 2% på alle postar 2024-budsjettet.

Saka vart handsama på AU 8.8.23.

Kommunen varsla i 2022 at tilskotet til investeringsprosjekta i kyrkja ville bli endra. 2023 ville vere det siste med kr 1,0 mill. i tilskot. For 2024 ville det bli halvert, og etter det må det søkast om midlar til kvart formål. Det er og i tråd med det soknerådet la til grunn frå 2019, da soknerådet bad om kr 1,0 mill. i årleg tilskot i nokre år, og antyda då 5 år. Vi har nå fått kr 1,0 mill. i 5 år og har fått utretta mykje. Men vi vonar framleis på eit godt forhold til kommunen i åra som kjem, då det står att ein del viktige saker. Det er renovering av taket i Vrådal og ferdigstilling av renovering av blyglasvindauga i Kviteseid. Difor er det desse prosjekta som står på planen i åra som kjem.

- Det har ikkje lukkast kyrkjeverja å få inn tilbod på taket i Vrådal i skrivande stund. Både kostnad og behov for inndekking kan difor vera annleis enn oppført.
- Kostnadene med blyglasa er erfaringsbasert gjetting.

Kostnad:		2024	2025	2026	2027	2028
	Renov. Tak Vrådal	650.000				
	Ren. Blyglas Kviteseid forklaring		330.000 To store mot sør	400.000 Eit ex. stort mot aust	150.000 Fleire små	150.000 Fleire små
	Uforutsett		45.000	38.000	31.000	31.000
	Pensjon	10.000	10.000	10.000	10.000	10.000
Inndekning:						
	Tilskot frå kommunen	-500.000				
	Tilskot frå komm., etter søknad	-20.000	-300.000	-350.000	-145.000	-145.000
	Momsrefusjon	-130.000	-75.000	-88.000	-36.000	-36.000
	Frå disposisjonsfond	-10.000	-10.000	-10.000	-10.000	-10.000
	Balanse:	0	0	0	0	0

Vedlegg: Forslag Investeringsbudsjett 2024
Investeringsplan2025-29

Forslag til vedtak i AU: Au tilrår at soknerådet godkjenner forslaget til investeringsbudsjett for 2024 og plan vidare til 2028 med dei gjevne føresetnader, og senda det til kommunen..

Kyrkjeverja har framleis ikkje fått inn tilbod eller anslag frå nokon fagfolk for renovering av taket på Vrådal kyrkje.

Så er det gledeleg at stortinget nyleg har sett av 10.0 mrd. kr frå det tidlegare

Opplysningsvesenets fond (OVF) til istrandsetjing av dei om lag 1000 verna og listeførte kyrkjene i Noreg, fordelt på 20-30 år. Kviteseid gamle kyrkje er verna. Alle dei andre, med unntak av Kilen kapell, er listeførde.

Der kan Kviteseid sokn på sikt søkje om midlar. Det kan vera prosjekt som renovering av blyglasa i Kviteseid kyrkje, rehabilitering av taket på Vrådal kyrkje, og seinare utvendig kalking av Kviteseid gamle kyrkje. Her gjeld det berre å fylgje med på kva som blir lyst ut, og søkje!

Forslag til vedtak i SR:

Soknerådet godkjenner forslaget til investeringsbudsjett for 2024 og investeringsplan til 2028. med dei føresetnadane som er gitt.

Tilbod for takarbeid på Vrådal kyrkje er motteke med netto sum på 1.385.427 kr. Kyrkjeverja er i ferd med å innhente tilbod frå fleire andre byggmeistrar. Dette anslaget fører til kr 1.0 mill.kr. i meirkostnad, så det er svært usikkert om kommunen vil gje dei 1,35 mill. kr vi treng i investeringstilskot. Viss ikkje må vi vente til vi eventuelt får tilskot frå sentralt hald. Kyrkjeverja er i ferd med å innhente tilbod frå fleire.

VEDTAK i SR:

Soknerådet godkjenner forslaget til investeringsbudsjett for 2024 og investeringsplan til 2028, og ber kyrkjeverja drøfte utfordringane med taket på Vrådal kyrkje med kommuneleiinga.

SR-sak 47.23 FR	Kyrkjevalet 2023	MG
-----------------	------------------	----

- **Felles annonse 8. aug.** med informasjon om tidegrøysting i sokna i Vest-Telemark.
- Same annonse blei lagt ut på Facebook @kyrkjetrappa 14. aug., med vising til vår nettside.
- **Omtale** i VTB om førehandsrøysting kom i papirutgåva 4.8. og digital laurdag 5. aug.
- **Vi må lage oppslag til KOS og Midtsundtoppen** om kva tid vi kjem med stemmeurna.
- **Stemmesetlar** frå bispedømerådet er mottekne i høve til dei som stemte på valet i 2019. Eigne lister for soknerådsvala er kopiert opp i 450 eksemplar. Det var 325 som stemte i 2019, 21 % av dei med stemmerett. (49 personar leverte førehandsstemmer)
- **Stemmelokala bør inspiserast på førehand.** Kyrkjeverja meiner det er naudsynt. Kommunen vurderer til dømes å bruka inngangspartiet og ikkje hallen i Kviteseid til kommunevalet. Avtale om synfaring der er gjort med val-ansvarleg Tarjei Gjelstad. Tilsvarande må gjerast på oppvekstsenteret i Brunkeberg (skulen), og i Vrådal.
- Vi har ikkje hatt **stemmeavlukke** tidlegare, og på nett er det vanskeleg å finne noko brukbart nå då leverandørar er utselde. Staben lagar difor ei enkel løysing.
- Soknerådet har peika ut stemmemottakarar og folk til å telje opp, men vi har ingen vara. Det skal alltid vera minst to til stades til ei kvar tid.
 - Fyrste person oppført på kvar plass og økt er ‘den ansvarlege’. Men kvar plass skal ha eit stemmestyre. **Vi må avklare kven som utgjer stemmestyret.**
 - Kyrkjeverja er ansvarleg for rapporteringa på nett (valmodulen i dei kyrkjelege register), og for klargjering av naudsynt materiell.
- **Opplæring / kursing for alle medverkande: Torsdag 31. aug. kl. 18.00** (kommunestyresalen er oppteken. AU meiner kantina i kjellaren er for lita og trong. Vi finn difor lokale til kurs i kantina på Næringshagen, eller på Misjonshuset.)
 - Samstundes er det ope for førehandrøysting på kyrkjakontoret frå kl. 15.00 til 20.00. Knut Ove er då til stades på kontoret, men SR må finna ein til.
- Viktig at alle har gjort seg noko kjent med [Valhandboka på nett](#) og om valet i [Ressursbanken](#) i kyrkja.

Forslag til VEDTAK i AU:

AU tek informasjonen til orientering.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar for orienteringa. SR presiserte at stemmestyret er dei 3 som til kvar stad og økt er utpeika til å vera valfunksjonærar og stemmemottakarar. sit saman med Knut Ove på kyrkjakontoret og tek imot eventuelle førehandsrøyster kl. 15.00-20.00.

VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar for orienteringa. SR presiserte at stemmestyret er dei 3 som til kvar stad og økt er utpeika til å vera valfunksjonærar og stemmemottakarar. Dagfinn Køhn sit saman med Knut Ove på kyrkjekontoret og tek imot eventuelle førehandsrøyster kl. 15.00-20.00.

SR-sak 48.23 SR	Trusopplæringsplanen	MG / VSM
------------------------	-----------------------------	-----------------

Trusopplæringsutvalet med Vidar Syrtveit Mikalsen som leiar, informerer om trusopplæringsarbeidet i soknet, med hovudvekt på det som er nytt, endringar det siste året, og planane framover.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og ...

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og hadde ei grei samtale om planen og moglegheiter i framtida. Soknerådet reknar med at trusopplæringsutvalet har notert seg viktige moment få samtala.

SR-sak 49.23	Eventuelt	MG
---------------------	------------------	-----------

Sak om nabovarsel. Her er det som vart skrive som merknad (på bokmål) 29.08.2023:

MERKNAD til Nabovarsel vedr. planlagt tiltak på gnr.40/bnr.14

Kviteseid sokn mottok 17. aug. 2023 nabovarsel om planlagt tiltak på gnr40/b.nr14 i sentrumsområdet i Kviteeid, mellom Kyrkjehammaren og Mylletorget.

Før soknerådet behandlet nabovarselet, ba jeg som kirkeverge om detaljerte tegninger som viste hvordan prosjektet tok hensyn til gapahuken som nylig er oppført for allment- og kirkelig bruk på samme eiendom. Så ble saken behandlet i soknerådet (SR) 24. aug. i Sak 49/23, uten at SR hadde mottatt noe svar på henvendelsen.

I dag, 29. august mottok vi så NY situasjonsplan der gapahuken er inntegnet. I denne justerte planen er bygninger forskjøvet noen meter mot sentrum, parkeringsplassen er forminsket og lekeplass er forsvunnet.

SR er seinere (med denne mailen) blitt gjort oppmerksom på at intensjonsavtalen med kommunen om kjøp av området i 2022 ble forlenget til 1. sept. 2023 med vilkår om bl.a. detaljregulering og byggeplaner.

Her er soknerådet sine merknader etter behandling 24. august, og merknader fra kirkevergen på vegne av soknerådet etter at de justerte planskissene er mottatt i dag, 29. aug. 2023:

1. Kviteeid sokneråd (SR) er generelt skeptiske til prosjektet og til nærheten til kirka.
 - a. Soknerådet er redd bygningene blir for dominerende i terrenget så nær kirka
 - b. Soknerådet er redd det blir en steinfylling som blir stående ubebygd i mange år før det eventuelt kommer bebyggelse oppå fyllingen.
 - c. Hvis det skal fylles ut og det ikke blir bygging innen rimelig tid (2 år?), ønsker SR at fyllingen blir dekket med jord og bearbeidet som grøntareal
 - d. Soknerådet ønsker at bobilparkeringen skal bevares, eventuelt kunne være i bruk i påvente av eventuell byggetrinn 2.
 - e. Gang- og sykkelstien må være tilgjengelig og fin i hele byggeperioden
 - f. Soknerådet er redd byggingen og livet der i etterkant blir forstyrrende i et ellers stille og rolig område rundt kirka og kirkegården

- g. Soknerådet liker ikke inngrepet i naturen som vil forstyrre og forminske området til et unikt fugleliv.
2. Soknerådet er fornøyd med at planene nå er inntegnet med gapahuken, og at det er tatt hensyn til den. (Den ble oppført i forståelse med kommunen til allment- og kirkelig bruk på kommunens eiendom. Den er bygd på masser som ble tilkjørt fra Dalanvegen mellom kirka og Lauvstadvegen.)
- Soknerådet er tilfreds med at
 - prosjektet med blokkene og parkeringsplassen er forskjøvet rundt 10 meter i retning sentrum, og at parkeringsplassen er gjort mindre.
 - Utsikten fra gapahuken er blitt bedre enn på 1. situasjonsplan, og vi ser at nye bygg ikke er så dominerende som først fryktet
 - Vi merker oss at det er blitt på bekostning av et åpenrom med lekeplass. Vi ønsker derfor at kommunen krever det blir integrert en lekeplass eller åpent rom i samme størrelsesorden som først tenkt, før et eventuelt utfyllings- eller byggetrinn 2.

Planlagde møte i 2023:

Valdagar: 10+11.9.

AU: Onsdag 20.9. kl. 14.

Soknerådet:

05.10.: Siste SR for sitjande råd, med konstituering av nytt råd (så både gamalt og nytt råd vert innkalla)

22.11.: Kurs for nytt sokneråd: Som einaste prosti har Øvre Telemark valt å ha lokale kurs

(i staden for eit stort samla møte som vi hadde på Granvin for vel 4 år sidan) Dato for NYTT sokneråd i Kviteseid, er onsdag 22. nov, kl. 17 eller 18. Kurset gjennomgår all info frå kyrkjerådet, med lokal tilpassing, og blir leia av prost Asgeir Sele i samarbeid med kyrkjeverja Kr.Salmelid.

23.11.: Første møte for nytt råd (fullmakter, komitear mm)

Stor frivillighetsfest for rådet og alle frivillige i soknet 19.10. Hald av dato! Kyrkjekontoret arrangerer.